

Flora kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 20.05.2015

Møtetid:

Kl. 09:30 – 12:45

Møtestad: Flora Samfunnshus, møterom
Ytterøyane

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Bjarne Holme, leiar	X		
2	Ingvar T Myrvollen, nestleiar	X		
3	Björg Mikalsen	X		
4	Eva Richter	X		
5	Berit Hovland	X		
	Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	John Arvid Svanøe			
2	Einar Jacobsen			
3	Gunn Jansen			
4	Henning Ryland			
5	Kirstin Willis			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim			
	KRYSS Revisjon ved Terje Førde og Trine Vokuhl			
	Leder Beredskap/ Flora Brannvesen Eivind Ask i sak 35, Controller Berit S Osa, Innkjøpsleiar Arve Klokk i sak 36			

Sak nr.	Sakstittel
033/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
034/15	Skriv og meldingar 20.5.15
035/15	ROS-analyse Flora kommune
036/15	Informasjon frå rådmannen om anbod og avtaler for kjøkkentenesta i samfunnshuset
037/15	Tinging av overordna analyse
038/15	Tinging av eigarskapskontroll
039/15	Årsrekneskap 2014 - Drøftingssak om framlegging av rekneskapssaka i bystyret
040/15	Oppfølgingsliste 5 - 2015
041/15	Eventuelt

Underskrifter:

Bjarne Holme, leiar

Ingvar T Myrvollen

Björg Mikalsen

Eva Richter

Berit Hovland

Arnar Helgheim
SEKOM-sekretariat

033/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Sak 35 vart handsama først i møtet.

Grovastøylen AS vert teke opp under Eventuelt.

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FLO-033/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

034/15: Skriv og meldingar 20.5.15

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Skriv og meldingar frå førre møte vart gått gjennom.

Tilbakemelding frå KRYSS Revisjon om deltaking på oljemesse. Attendemelding frå revisor er at Flora kommune ikkje har deltaking på slik messe hittil i 2015.

Godtgjerslereglementet i kommunale føretak, informasjon frå undersøking ved KRYSS revisjon. Føretaka skal etter vedtak i bystyret gjere vedtak dersom godtgjersla går ut over 50% meir enn fastsett styrehonorar. Flora Hamn har gjort vedtak i styret og informasjonen er at Flora Kjøkkenservice også kjem til å ta opp dette som styresak.

FLO-034/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

035/15: ROS-analyse Flora kommune

Tilråding frå SEKOM-sekretariat

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Saka vart handsama først i møtet.

Leder Beredskap/ Flora Brannvesen, Eivind Ask informerte beredskapsplanar og ROS-analyse. Han delte også ut oversikt over ROS-analyse og planverk.

FLO-035/15 Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

036/15: Informasjon frå rådmannen om anbod og avtaler for kjøkkentenesta i samfunnshuset

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Innkjøpsleiar Arve Klock informerte. Planen er å lyse ut tenestekonsesjon som anbod med verknad tidlegast frå komande årsskifte.

FLO-036/15 Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

037/15: Tinging av overordna analyse

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Flora kommune frå KRYSS Revisjon.

...

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FLO-037/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Flora kommune frå KRYSS Revisjon.

038/15: Tinging av eigarskapskontroll

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

FLO-038/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.

1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?
2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?

039/15: Årsrekneskap 2014 - Drøftingssak om framlegging av rekneskapssaka i bystyret

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:

Bystyret den 18. juni.

Sekretariatet varslar bystyresekretæren ved Arne Schei, ordførar og rådmann om at også nestleiar deltek i bystyremøtet med talerett på vegner av kontrollutvalet. Det er ønskeleg at nestleiar sit saman med andre som har rolle i møtet.

Leiar og nestleiar har dialog før møtet om korleis dette vert lagt fram.

FLO-039/15 Vedtak:

...

040/15: Oppfølgingsliste 5 - 2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:**FLO-040/15 Vedtak:**

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

041/15: Eventuelt**Tilråding:**

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 20.05.2015:**Grovastøylen AS**

(Kommunen er ikkje majoritetseigar)

Kontrollutvalet ønskjer orientering på neste møte. Særleg ønskjer utvalet informasjon om Flora kommune sitt ansvar mellom anna knytt til korleis kommunen sikrar seg i høve mogeleg konkurs:

- Forskottering av spelemidlar frå Flora kommune
- Garanti for spelemidlar
- Momskompensasjon

Sekretariatet sender førespurnad til rådmannen med kopi til ordførar.

FLO-041/15 Vedtak:

...